| **Temaplan, påskeførebuing** | Ytre Hafstad barnehage |
|---|---|
| **Periode:** | Veke 12 og 13 |
| **Tema:** | **Påskeførebuing** |
| **Utgangspunkt i rammeplanen:**<br><br>**Kap 9**<br>**Fagområda i barnehagen.**<br>**Etikk, religion og filosofi**<br>**S 54-55** | Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn.<br>Personalet skal:<br>- gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen<br>- samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eigen deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna |
| **Hovudmål:** | Formidle den kristne påskebodskapen og fokus på påsketradisjonar |
| **Delmål:** | • Bli kjende med eit utval forteljingar frå Bibelen om Jesu liv og gjerningar<br>• Bli kjende med kva påskeforteljinga handlar om, og kvifor vi feirar påske<br>• Formidle ulike påsketradisjonar og glede oss saman over førebuing til høgtida |
| **Aktivitetar:** | • Kyrkjebesøk: Hjartegruppa på Kulpen og Fjellet tysdag 17.mars, Skogen onsdag 18. mars.<br>• Bøker, forteljingar og dramatisering:<br>• Påskefrukost med foreldre og sysken. Fjellet og Kulpen onsdag 25.mars, Skogen og Fossen torsdag 26.mars.<br>  ○ Historier om Jesus som barn og vaksen, t.d. Jesus 12 år i tempelet, Sakkeus, Jesus og barna, Jesus stiller stormen<br>  ○ Påskeforteljinga om hendinga på dei ulike påskedagane palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag og påskemorgon, samt samlingar om påsketradisjonar (egg, kyllingar, fjell og ski, sjø og båt, påskeliljer, gul farge …)<br>• Ein dag veka før påskeveka: påskerebus/«egg-jakt»<br>• Songar: «Ein liten kylling i egget låg», «Liten kylling satt på eit hønsetak», «Sov du vesle spire ung», «Dine hender var fulle av blomster», «Påskemorgen» m.fl.<br>• Formingsaktivitetar; t.d. så karse, lage kyllingar/egg<br>  ○ kvar avdeling vel formingsaktivitetar som passar for deira aldersgruppe<br>  ○ alle barna skal få lage ein påskepynt som dei skal få ta med heim |